



Tekst & musikk

**FREDDIE
LANGRIND**

KOR VART DEI AV, BLOMEENGENE?

*På eit skipsdekk på veg til København
fantaserar Synnøve om naturen, og saknet,*

(Kvart vers har liten strofe som opptakt)

Kor vart dei av, blomeengene i fullendt fargeflor?
Eg minnest tider dei ein gong song :/: ein sommars ville kor :/:

Kor vart dei av, fagerklokkene og småkårs natt-og-dag?
Dei klang så stillsamt i mine aks :/: med hugnadssame drag :/:

Kor vart dei av, tiriltungene, som bluss på eng og mo?
Maria bar dei på ferdafot :/: som gylne jomfru-sko :/:

Kor vart dei av, prestekragane, dei kvite balderbrå?
Og kronblad-kransen som freista meg :/: mi lagnadsferd å spå :/:

Kor vart det av alle fargespel i gult og blått og rødt?
Og vind som leikar i siv og strå :/: og valmuvide skjørt :/:

Ho stansar:

Hallstein, er det deg eg høyrer i vinden.....?
Eg trur mest det ... *(synger vidare)*

Kor vart dei av, karse-engene, som tidleg sommarflor?
Eg minnest tider vi ein gong låg :/: i seng på eiga jord :/:

Kor vart dei av, blomeengene der du og eg sprang ut?
Der eg var spir`ung i nektar-rus :/: og du var humlegut. :/: